

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7262 - 14/25201

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison  
Eilin.Houlison@lindas.kommune.no

Dato:  
13.11.2014

## Dispensasjonssak til uttale: Oppføring av Reflektormast, Telenor Norge AS, Gbnr. 5/2, Sollia

### OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE EKSTERNE

Saka gjeld søknad om oppføring av reflektormast ved Dyrdal på Sollia, gbnr. 5/2, masta er ein del av utbygging av Norsk Nødnett. Søknad om løyve samt søknad om dispensasjon er lagt ved oversendinga.

Det er i tillegg lagt ved orthofoto, plankart og oversiktskart med omtrentleg plassering av tiltaket, utarbeidd av kommunen. Vi tek atterhald om at plassering kan avvike noko frå det som er framstilt i søknad, då det er lite kjennemerke i høve plassering av tiltak i søknadsdokumenta.

Det er ikkje sendt ut nabovarsel og søkjar ber kommunen vurdere om det er naudsynt med varsling. Kommunen vurderer å gje fritak frå varsling etter pbl. § 21-3, 2.ledd, då naboar si interesse ikkje eller i liten grad vert rørd av tiltaket.

Tiltaket gjeld oppføring av mast og såle med høgde 5 m, sjølve reflektorflata har storleik 4\*3 m, ut i frå synt plassering i søknad vert tiltaket plassert på om lag kote +350 moh. Tiltaket er søkt handsama etter pbl. § 20-2, jf. SAK10 § 3-1, 1.ledd, bokstav e).

#### Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel 2011-2023. Gjeldande planstatus for eigedommen er LNFR, omsynssone friluftsliv. Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel § 5.1, jf. pbl. § 19-2.

Kommunen vurderer å godkjenna dispensasjonssøknaden.

Før kommunen handsamar dispensasjonssøknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale planstyresmakter til uttale.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).



Med helsing

Eilin Houlison  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kommunedelplan ca plassering reflektormast  
orthofoto ca plassering reflektormast  
Oversiktskart ca plassering reflektormast  
Byggesøknad\_Reflektormast\_GBnr5\_2

**Kopi til:**

Telenor Norge AS	Postboks 7150	5020	BERGEN
------------------	---------------	------	--------

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland Arealplan	Postboks 7310	5020	Bergen
---------------------------------------	---------------	------	--------

Landbruk HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------------------	---------------	------	--------